

Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/2055-1

## **Årsmelding 2016 frå fylkeshovudverneombod**

### **Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek årsmeldinga 2016 frå fylkeshovudverneombodet til vitande.

Vedlegg: Årsmelding 2016 - fylkeshovudverneombodet

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Fylkeshovudverneombod Olav Vestrheim legg her fram sin årsmelding for hans virke i rolla frå 15. august 2016 og fram til 31.12.2016.

### **2. Bakgrunn for saka**

Fylkeshovudverneombodet (FHVO) sin rolle er ikkje direkte heimla i arbeidsmiljølova, men fylkeskommunen nyttar same regelverket ved oppnemning og i forståing av rolla. FHVO er ikkje overordna hovudverneomboda (HVO) eller verneomboda (VO) lokalt, men skal ha ei koordinerande rolle og særleg etablere kontakt/nettverk med HVO som er faste representantar i dei lokale arbeidsmiljøutvala (LAMU).

Arbeidstakarorganisasjonane har med heimel i [AML § 6.1](#) utpeikt Olav Vestrheim som nytte fylkeshovudverneombod. Han tok til i dette vervet den 15. august 2016 og er førebels valt for 2 år.

Fylkeshovudverneombodet skal årleg legge fram sin eigen årsmelding frå sitt virke.

### **3. Konklusjon**

Fylkeshovudverneombodet skildrar sin opplæring og korleis han har arbeidd med å gjere seg kjend med rolla og med organisasjonen.